

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 29 – 30.oktober 2015
STAD: Kamben Høyfjellshotell, Golsfjellet

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Sigrid Simensen Ilsøy Mari Fjærtøft Bjørnstad Matias Eide Sataøen Petter Braaten Erik Kaupang	<u>Hemsedal kommune</u> Oddvar Grøthe Kjell Erik Skølt Maria Jartman Olav Støyten Petter Owesen
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Dagfinn Bøygard Torleif Dalseide (dag 1) Torhild Helling Bergaplass Anne Vettern Grøthe	<u>Nes kommune</u> Tore Haraldset Gerd Jorde Astrid Brattested Endre Storhaug Torill Thømt
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Halvor Lilleslett Svein Eide Herbrand Jegleim Roger Toppen	<u>Flå kommune</u> Tor Egil Buøen Karsten Ekeren Merethe Elisabeth Høntorp Gandrud Sigrid Ingeborg Gislerud (dag 1)

Av rådmennene møtte: Lars Ole Skogen, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Ole Johnny Stavn, Hemsedal kommune, Torbjørn Hansen, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Administrasjon Regionrådet

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
 Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar Regionrådet for Hallingdal

Frå Buskerud fylkeskommune møtte: Anne Sandum, fylkeskontakt, Iselin Haugo, fylkeskontakt og Tore Gilhuus, regionkontakt

Rådsordfører Oddvar Grøthe opna Hallingtinget

SAK 06/15 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Knut Arne Gurigard og Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet i Regionrådet, presentasjon vedlagt.

SAK 07/15 ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2019

Vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2016, med ei kommunal finansiering på kr. 1.790.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2016 – 2019. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2016.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 08/15 HALLINGHELSE, ORIENTERING

Kommunane i Hallingdal er med i satsinga på Hallingdal lokalmedisinske tjenester saman med helseforetaket Vestre Viken. Samhandlingsreforma trer i full kraft frå 2016. For å kunne møte krava og dei nye oppgåvene som kommunane får i samband med reforma er det vedteke å styrke det interkommunale samarbeidet i Hallingdal. Helseforetaket Vestre Viken er også tett involvert.

Hallingdal har fått sitt eige team (**hallinghelse.no**) som skal bidra til at dei 6 kommunane samarbeidar best mogeleg for å kunne tilby gode helsetenester til innbyggjarane.

- Øystein Lappgard, samhandlingsleder, 50% stilling
- Jørund Li, felles folkehelsekoordinator, 50% stilling
- Leif Andre Viken, koordinator for kompetanse, læring og mestring, 50% stilling

Ål kommune er vertskommune, teamet er lokalisert på Torpomoen.

Øystein Lappgard, Jørund Li og Leif Andre Viken orienterte om arbeidet og utfordra Hallingtinget til ein dialog i forhold til satsingsområda (vedlagt presentasjon).

SAK 09-15 NÆRSJUKEHUS OG INTERMEDIÆRAVDELIN PÅ HALLINGDAL SJUKESTUGU, ORIENTERING/DRØFTING

Per Bleikelia klinikksjef ved Ringerike sykehus orienterte om status og planar for Hallingdal sjukestugu, som skal bli eit «nærjsjukehus» (vedlagt presentasjon). Bleiklia «slepte» og nyheita, at i samband med satsinga på Hallingdal sjukestugu skal det også etablerast ein CT-skannar, som er planlagt å vera i drift 1.4.2016.

Samhandlingsleiar Øystein Lappgard orienterte om intermediæravdeling ved Hallingdal sjukestugu (vedlagt presentasjon). Det vart lagt vekt på utviklingsmogelegheitene i samarbeidet med Vestre Viken Helseforetak. I tillegg utfordringar i forhold til den intermediære avdelinga og dei interkommunale døgnplassane, i forhold til bruk, økonomi og kostnadsfordeling.

SAK 10-15 UTVIKLINGSPROGRAMMET FOR BYREGIONAR, FASE 2, SOM EIN DEL AV REVIDERING AV STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL.

Ein stor del av samlinga til Hallingtinget omhandla arbeid med Byregionprogrammet fase 2, som vil bli ein del av revidert Strategisk plan for Hallingdal.

Arbeidet vart gjennomført delvis i plenum og delvis som gruppearbeid.

Ansvarlege for gjennomføring var:

- Ulrikke Ytteborg, Regionrådet for Hallingdal
- Torbjørn Wekre, Distriktssenteret
- Marianne Solbakken, Distriktssenteret
- Anne Espelien, Menon Business Economics

Vedlagt notat er ei oppsummering av arbeidet som vart gjennomført på Hallingtinget.

Vidare arbeid med Strategisk plan for Hallingdal og delar av Byregionprogrammet vil bli drøfta på regionrådsmøte 27.nov. 2015. Kommunane vil bli utfordra til å koma med innspel til det vidare arbeidet, der det vil bli sett av litt ressursar til felles prosessleing for kommunane.

Til Hallingtinget våren 2016 skal det vera utarbeida eit meir detaljert utkast for vidare drøfting. Strategisk plan for Hallingdal er planlagt vedtek på Hallingtinget hausten 2016.

SAK 11-15 VEDTEKTER, VILJESERKÆRING

Saka vart utsett til Hallingtinget våren 2016.

Ål 4.11.2015

Rett utskrift

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

Sak 06-15, presentasjon arbeidet i Regionrådet, Knut Arne Gurigard og Ulrikke Ytteborg,

Sak 08-15, presentasjon Hallinghelse, Øystein Lappegard, Jørund Li, Leif Andre Viken

Sak 09-15, presentasjon status og planar for Hallingdal sjukestugu, Per Bleikelia

Sak 09-15, presentasjon intermediaæravdeling ved Hallingdal sjukestugu, Øystein Lappegard

Sak 10-15, presentasjon samfunnsanalyse Hallingdal, Anne Espelien

Sak 10-15, notat oppsummering av arbeidet som vart gjennomført i samband med sak 10.